

2020

ÅRSRAPPORT



AUFERA

A/S

-ei Vekst



bedrift

Telefon: 55602472. E-post: post@aufera.no <http://www.aufera.no>

European Quality
in Social Services
eQuass



Forord

2020 vil nok gå inn i historia som eit svært spesielt år , ikkje berre heile landet, men for heile verda. Det var året då me fekk ein verdsomspennande pandemi. Fredag 13.mars kom meldinga om at det meste måtte stengjast ned, også på Aufera. Alle tiltaksdeltakarane måtte halda seg heima store deler av våren. Kjøkken og treavdeling vart stengd. Grunna litt sjukemelding og at folk var heime med barn grunna stengde skular/barnehagar, hindra det oss i å permittera ordinært tilsette. Alle som var att på jobb vart sett til å jobba på vaskeriet. Her var etterspurnaden ikkje mindre, men heller større. Truleg var folk meir heime og jobba i hage, for omsetnaden på blomsterkassar og hagemøblar var god. Kjøkkenet hadde større utfordringar då konfirmasjonar og andre samlingar vart avlyst.

Oppi alt dette starta arbeidet med dei nye lokala våre. Endeleg skulle ein draum me har hatt i mange år gå i oppfylgning. Fokus på å få eit mest tenleg lokale til best mogleg pris har vore sterk heile tida. Ei nøktern innstilling har alltid prega Aufera, og det kom på ny tydleg fram i denne prosessen. Folk har vore innstilt på å finna løysingar som ikkje kostar meir enn det må. Gjenbruk har og vore eit gjennomgangstema. Resultatet er me godt nøgd med. Me har m.a. fått møblar på fellesrom som er pussa og måla av treavdelinga og stoltrekkja er trekt oppatt av vaskeriet. Ein vegg er sett opp av oss sjølve av gamle pallar. Deler av hyller og skap på avdelingane er «arva» frå andre. Ein del målararbeid er gjort av oss sjølve. Det meste på treavdelinga er gjort av dei som jobbar der. Også val av fargar, utforming og anna er gjort av dei folka som jobbar i Aufera. Det meste av nedvaskinga stod kjøkkenet for. Sjølve flyttinga var det også for det meste eigne folk som stod for. I tillegg var me så heldige og hadde med oss nokre «frivillige» som gjorde ein kjempeinnsats. Tanken var å ha ei stor opning der me kunne få takka alle dei som hadde stått på for oss. Slik gjekk det ikkje. Dato var fastsett og gjestane invitert – men så kom det strengare restriksjonar att, og det heile måtte avlysast. Ei stor takk til alle som på ulike måtar var med å få dette til, frå styrerepresentantar til tiltaksdeltakarar.

Aufera er no mykje meir synleg, og me opplevde fort at me fekk mange fleire «drop inn» kundar. I utsalet vårt kan ein i dag kjøpa produkt frå Aufera som lefser, kaker, syltetøy, treprodukt m.m. Nytt no er samarbeidet med andre produsentar som søsterverksemda KIM, fleire lokale produsentar av treprodukt, foto og maleri. Mange julegåver vart kjøpt her.

Aufera set i skrivande stund som eigar av to bygg. Det gamle er lagt ut for sal, utan at ein har lukkast så langt. Her håpar me sjølv sagt å få ein god pris slik at me kan betala ned på lånet. Det ser ut som at det vert eit lite overskot for 2020, og det er ikkje vanskeleg å vita kvar det skal gå til.

2020 var og eit merkeår på eigarsida. Etter kommunereforma gjekk aksjane som tidlegare Radøy kommune hadde, over til den nye kommunen Alver. NAV-kontora vart sentralisert, og Aufera fekk NAV Alver å forholde seg til. I Alver kommune er det tre ulike vekstverksemdar. Utifrå den dialogen me har med dei andre verksemdene i kommunen, så opplever me at det er svært ulikt tilnærming til verksemdene både frå kommune og NAV. NAV Fensfjord er også vårt NAV kontor.

På slutten av 2020 vart det gjort nokre endringar av dei ordinære stillingane. Nye lokaler, meir sentrale, større plass, nye folk – me ser ei spennande tid med mange moglegheiter framfor oss.

Føremål, visjon og verdjar

Føremål:

Verksemda sitt føremål er å tilretteleggja arbeidsplassar til yrkeshemma personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming. Å gje meningsfylt arbeid utifrå den enkelte sine føresetnader.

Arbeidet skal vera med å vedlikehalda og utvikla den enkelte sine ressursar og kompetanse.

Visjon:

Me skal utvikla oss vidare gjennom ein meningsfull kvardag med tilpassa arbeidsoppgåver og auka meistringskjensla.

Verdiar:

Trivsel

Me ynskjer å ha det kjekt saman på arbeid og kunna gleda oss til å gå på jobb.

Me viser respekt for kvarandre og aksepterer at me er ulike.

Me har og respekt for arbeidsplassen, utstyret vårt og kundane våre.

Me er positive til kvarandre og til nye utfordringar. Frå at me seier god morgon og «ser kvarandre», til at me er positive i kontakt med kundar og samarbeidspartar.

Kvalitet i alt me gjer

Me skal levera rett produkt og teneste til rett stad og rett tid.

Kvaliteten skal gjenspeglast i alle arbeidsprosessane.

Mot

Me skal ha mot til å møta nye utfordringar og prøva nye ting.

Me tør å by på oss sjølve, tør å stå for noko, og ta eit val. Me har mot til å vera medmenneske og inkludera andre.

Organisasjonen

Aufera AS

Idrettsvegen 1 A

5936 Manger

Telefon: 55602472

E-post: post@aufera.no

<http://www.aufera.no>

Aufera AS er eit aksjeselskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje og Alver.

Fordeling av aksjekapitalen er:

Austrheim kommune 37 %

Fedje kommune 16 %

Alver kommune 47 %

Styrerepresentasjonen er 2 styremedlemmer til Austrheim, 1 styremedlem til Fedje og 2 styremedlemmer til Alver.

Generalforsamlinga i perioden 2020 – 2024:

Austrheim	Hege Ramsland	vara:	Anette Kaland
Austrheim	Reidar Øksnes		Odd Øksnes
Fedje	Torill H. Horgen	«	Einar Villanger
Fedje	Stig Øien		Otto Andre Nordby
Alver	Else Marie Dale	«	Dag Sætre
Alver	Jostein Borlaug		

Generalforsamlinga vart halde 08.06.2020


Etter Generalforsamlinga var styret slik samansett:

Leiar:	Kirsti G.Floen	Alver
Nestleiar:	Roy Asle Tungland	Fedje
Styremedlem:	Oddmund Vikene	Austrheim

«	Magnus Kvingedal	Austrheim
«	Inger Morken Ellingsen	Alver
Vara:	Ann Kristin Leirvåg	Austrheim
«	Annika Tvedt Villanger	Fedje
«	Bjørn Tore Vaktskjold	Alver

Valnemnd er dei tre ordførarane i eigarkommunane.

Organisasjonskart pr 15.02.21



Kompetansekrav/kompetanse og kompetanseheving

NAV stiller ein del krav til vår type verksemd, m.a. at det skal vera yrkesfagleg, pedagogisk og arbeidsinkluderingskompetanse. Verksemda skal ha personell som til saman dekkjer følgjande kompetanseområder psykiske eller sosiale funksjonsnedsetjingar

- Arbeidsmarknaden sine mekanismar og «behov», særleg regionalt/lokalt arbeidsmarknad
- Yrkes- og karriereveiledning og erfaring med relevante verktøy på dette området
- Rettleingsmetodikk
- Erfaring frå inkludering av utsette grupper i ordinært arbeidsliv, herunder oppfølging av arbeidsgjevarar
- Kompetanse på korleis det kan tilretteleggjast i arbeidssituasjoner for personar som har trong for spesiell tilrettelegging og tett oppfølging

- Kompetanse på krav til fagopplæring/kjennskap til fagopplæringsplanar, opplæringskontor, og grunnleggjande ferdigheiter
- Oversikt over og kunnskap om aktuelle samarbeidspartnarar



Verksemda har den kompetansen som NAV krev. Arbeidsleiarane i Aufera har variert yrkesbakgrunn, og me set m.a. på erfaring innan omsorgsarbeid, helsefagarbeid, sjukepleie, psykiatri, pedagogikk, yrkesfagleg og arbeidsinkluderingskompetanse.

Formell kompetanse i Aufera:

Fagbrev omsorgsarbeidar
 Fagbrev konditor
 Fagbrev Helsefagarbeidar
 Legesekretær
 Rekneskap
 Økonomistyring
 Handel og kontorfag
 Sosial-pedagog
 Spesialpedagogikk
 Vidareutdanning i coaching
 Basiskurs i attføring
 Sjukepleie
 Vidareutdanning i omsorgsteknologi
 Sosionomutdanning (60 studiepoeng)

Verksemda har fokus på formell kompetanse, og ved utlysingar av stillingar vert dette lagt vekt på. For å koma den nye Kravspesifikasjonen for tiltaksarrangørar i møte, har verksemdene i regionen eit tett samarbeid på kurs for å auka kompetansen. Diverre gjekk alle planane om dette vekk i 2020 grunna korona.

Kompetanseheving

Det var planar om ei kursrekke i samarbeid med dei andre vekstverksemdene i området for alle rettleiarar. Grunna korona vart det berre gjennomført ein kurskveld. Tema var etikk og etiske refleksjonar. Av same årsak vart det ikkje gjennomført nokon kurs for arbeidstakarane.

Her var det og planar om kurs. Konkret var det planar om eit kurs i bruk av motorsag, som vart avlyst.

Rammer og godkjente plassar

I tida 01.01.2020 – 31.12.2020 hadde Aufera fylgjande godkjende plassar:

15 VTA (varig tilrettelagt arbeid). Det er NAV tiltak Vestland som tildeler og godkjenner desse plassane.

På dei 15 godkjende VTA-plassane har det i 2020 vore 17 personar innom tiltaket. Det står to personar på ventelista for å få plass på Aufera.

Verksemda har avtale med Hordaland fylkeskommune om arbeidspraksis for elevar i vidaregåande skule. Det var 3 elevar frå vidaregåande skular som hadde arbeidspraksis hjå oss i 2020.

I 2020 hadde Aufera tilsett:

4 arbeidsleiarar/retteleiar (alle 100%)

1 sjåfør (100%)

1 dagleg leiar (100%)

(6 årsverk fordelt på 6 personar)

Avdelingane



Vaskeri

Vaskeriet vårt er eit moderne vaskeri som innfrir krava til vask av institusjonstøy. Då me flytta i nye lokalar fekk me ei ny barrieremaskin i tillegg, og det vart investert i nytt kjemianlegg. Me har om lag 60 faste kundar som får vaska institusjonstøy, arbeidstøy, matter og moppar, dyner og dukar m.m. Det har vore auke av private kundar. I tillegg til vask, tek me og lettare reperaturer av tøy, som t.d. skifte av glidelås. Verksemda eig og leigar ut matter, arbeidskle og institusjonstøy. Me hentar og leverer til kundar i Austrheim og Alver. Også på Fedje har me faste kundar, men etter særavtale om henting og levering. Vaskeriet hadde ein del «koronakundar» - dvs då pandemien starta for alvor var det mange som ynskte leiga arbeidstøy.



Treavdeling/vaktmeistergruppa

Treavdelinga fekk i 2020 mykje større lokalar og har no fått ein mykje meir eigna arbeidsplass. Her vert det produsert ulike treprodukt som t.d. notkassar, hagemøblar, blomsterkassar og postkassestativ. Med større plass vart det betre rom for vidareutvikling og nytenking av ulike produkt.

Som eit resultat av pandemien må ein og kunna sei at avdelinga fekk ein god oppsving då folk fekk meir tid til hagearbeid og fokus på å handla lokalt vart mykje større. Avdelinga hadde i 2020 sitt beste år når det gjeld omsetnad.

Avdelinga gjorde ein stor innsats i samband med nybygg og flytting. Dei gjorde det meste av arbeidet på si avdeling med maling, bygde veggjar osv. Me var heldige å få ein del brukte møblar til heile huset som avdelinga pussa ned og måla. Det var og denne avdelinga som sette opp den mest spesielle veggjen i verksemda, palleveggen i utsalet vårt.



Kjøkkenet

Kjøkkenet er den avdelinga som har merka pandemien mest. Konfirmasjonar og andre festsamkome vart avlyst eller utsett. Dei store høgtidene som påske, pinse og 17.mai vart svært «neddempa» og dei store familie samlingane vart avlyst. Det har likevel vore ein jamn produksjon av lefser, flatbrød, knekkebrød, kaker, litt syltetøy og diverse urteprodukt med meir. I tillegg er lunsjtilbodet for dei som jobbar på Aufera ein viktig del av kjøkkenet. I flg. «Kravspesifikasjonen» frå NAV plikter me å ha fokus på kosthald, noko som er naturleg og lettare når me tilbyr lunsj. Mange som arbeider på Aufera et gjerne dei andre måltida åleine, og den sosiale delen av lunsjen vert med det svært viktig. Etter smittevern restriksjonane me prøver leva etter, er dei store felleslunsjane lagt litt på vent, men kvar kohort har lunsj saman.



Samarbeid

Aufera er Equass sertifisert, eit europeisk system for kvalitetssikring av velferdstenester med ekstern revisjon og sertifisering. Dette sertifikatet har verksemda hatt sidan 2011. I dette inneber det at Aufera må ha ein del felles med andre liknande verksemdar, m.a. spørjeundersøkingar. Me samarbeider med andre Vekstverksemdar som også er Equass sertifisert i regionen. I samarbeid med tre andre verksemdar har me hatt felles spørjeundersøking for VTA-deltakarane. Undersøkinga viser at både me og dei andre verksemdene har deltakarar som er nøgd. Me har særleg målt livskvaliteten og bruk av eigne ressursar i arbeidet, og dette har utan unntak gitt høg score.

Det har i mange år vore eit godt samarbeid med dei andre tiltaksbedriftene i Nordhordland. Det er faste leiarsamlingar der me utvekslar erfaring, me hjelper kvarandre når det trengst, me brukar kvarandre, me reklamerer for kvarandre, me har (vanlegvis)felles aktivitetsdag og me har felles kurs for ordinært tilsette. Det er eit mål å få til felleskurs for VTA-deltakarane. All kursverksemd vart kraftig redusert i 2020.

Ein del av dei som jobbar hjå oss har ansvarsgruppe (samarbeidsmøte der ulike instansar frå «hjelpeapparatet» saman med den det gjeld møtest). Me opplever gode samarbeidsforhold der det er oppretta slike grupper, og samarbeider godt med lege, psykolog, familie, skule og andre frå hjelpeapparatet. Samarbeidet med NAV var nok tettare før. Etter kommunereforma der NAV-kontora vart flytta og pandemien gjorde at ting vart meir digitale, opplever me lite og ikkje kontakt med NAV.

Equass er ei omfattande sertifisering som krev ein god del av verksemda. Me hadde revisjon i desember 2019, og er no godkjend fram til januar 2023.

Klager og avvik

Det kom fem klager og det er registrert to uynskte hendingar i 2020, som alle er handsama etter vanleg prosedyre. Det var registrert 71 avvik, ein auke på 21 frå året før. Avvika er fordelt på alle avdelingar med hovudvekt på vaskeri. Det viser truleg ikkje anna enn at ein er flinkare å registrera avvika.



Frå Sommarfesten

Resultat av attføringsarbeidet

Ein person har slutta i VTA-tiltaket i 2020 for å gå over til eit kommunalt tiltak. Tilbakemeldingar frå dei som har VTA-plass er tydeleg på at dei får auka livskvaliteten sin vesentleg med å vera på Aufera. Det har vore ein del utfordringar med ustabil oppmøte av nokre av dei som har VTA-plass. Me opplever at dette har betra seg siste året. To av folka som jobbar på Aufera har avtale med eksterne arbeidsplassar og vert leiga ut nokre dagar kvar veke. Grunna korona har dei vore permitterte frå desse jobbane store deler av 2020. Ved årsskifte var det to personar på ventelista for å få VTA-plass.

Aufera har nok med åra vorte strengare i krava til dei som har arbeidet sitt her. Dersom ein ikkje kan eller vil innordna seg i reglar som gjeld i arbeidslivet, kan ein heller ikkje ha arbeid i Aufera. Dette også fordi kravet til oss vert strengare og strengare. Krav til produksjon og inntening er der, og det betyr og at fokuset vårt på framføre er aukande. Det er same reglar som gjeld for Aufera som elles i samfunnet.

Sjukefråværsprosenten i Aufera var i 2020 på 12,99 %, om lag det same som året før .Dette er for høgt. Det er i stor grad med å gjera oss usikker på kor mykje arbeid me kan ta på oss. Dette har vore og er ei stor utfordring for Aufera. Særleg no når me har store lån til nye lokaler. Kor mykje arbeid kan me våga ta på oss? No er det slik at dei fleste som arbeider i Aufera er stabile i oppmøte og stiller på jobb. Men me er ikkje så mange, og då vert det få som kan «ta over» og gjera jobben når mange er borte.

Eit resultat av «koronaåret» 2020 var mange tiltak og stort fokus på reinhald. Det vart sett inn mange tiltak på avdelingane og på huset generelt. Eit av tiltaka var at me tilsette eigen reinhaldar i 40 % stilling.

Omdømme til Aufera opplever me som godt. Me får svært mange gode tilbakemeldingar frå alle hald, både dei som jobbar her, familieane deira, kundar og andre samarbeidspartar. Tilbakemeldingar frå eigarane våre er me og godt nøgd med.

Manger,19.02.2021

Kari Smith

Dagleg leiar